

Referat frå samling i Nasjonalt Museumsnettverk for Kulturlandskap

Kristiansand og Farsund 15. – 17. august 2011



Ekskursjonen ved Jærberget

Tema: Natur i endring

Deltakarar:

Anita Estensen	Grimstad bys museer
Anna Jorunn Frøyen	Jærmuseet
Asbjørn Lie	Agder naturmuseum og botanisk hage
Astrid Matland	Damsgård Hovedgård
Axel Dalberg Poulsen	Naturhistorisk museum, UiO
Beate Johansen	Agder naturmuseum og botanisk hage
Even Nystu	Trøndelag folkemuseum
George Chioko	Norsk folkemuseum
Hege Pettersen	Naturhistorisk museum, UiO
Heideros Udeø	Agder naturmuseum og botanisk hage
Helle Fredrikke Rød	Norsk folkemuseum
Ingvild Austad	Høgskulen i Sogn og Fjordane
Jan Arve Lund	De Heibergske samlinger – Sogn folkemuseum
Jan Fredrik Sundt	Farsund kommune
Kari Ritter Eriksen	Grimstad bys museer
Katrine Skajaa Gunnarsli	Fylkesmannen i Vest-Agder, Miljøvernsavd.
Kjell Krogstad	De Heibergske samlinger – Sogn folkemuseum
Kjetil Monstad	Havrå
Knut G Austad	Jærmuseet
Kristina Bjureke	Naturhistorisk museum, UiO
Kåre Hosar	Maihaugen
Leif Hauge	Høgskulen i Sogn og Fjordane
Lise Hatten	Direktorat for naturforvaltning
Liv Aarvoll	Naturhistorisk museum, UiO
Mari Marstein	Akershusmuseet, avd. Gamle Hvam
Marie Pettersson	De Heibergske samlinger – Sogn folkemuseum
Marit Adelstein Jensen	Havrå
Mette Eggen	Riksantikvaren
Mons Kvamme	Lynghesenteret
Nina Myrland	Naturhistorisk museum, UiO
Odd Kjetil Liland	Jærmuseet
Oddvar Pedersen	Naturhistorisk museum, UiO
Per Arvid Åsen	Agder naturmuseum og botanisk hage
Roar Solheim	Agder naturmuseum og botanisk hage
Sigmund Spjelkavik	Agder naturmuseum og botanisk hage
Stein Sunde	Norsk folkemuseum
Svein Ove Hojem	Trøndelag folkemuseum
Thorhild Kvingedal	Lynghesenteret
Tom Haraldsen	Mjøsmuseet
Torill Gjelsvik	Agder naturmuseum og botanisk hage
Torkil Ausel	Næs Jerverksmuseum
Vivian Stølen	Grimstad bys museer
Åsmund Asdal	Norsk genresurssenter

Velkommen ved Marie Pettersson, koordinator for nasjonalt museumsnettverk for kulturlandskap, Sigmund Spjelkavik, Agder naturmuseum og botanisk hage og Anita Estensen, Grimstad bys museer.

Landskap og bebyggelse på Lista i et langtidsperspektiv

v/ *Frans-Arne Stylegar, Vest-Agder fylkeskommune*

Lista har eit kulturlandskap med djupe røter og har nokre av dei eldste spora av åkerbruk i Noreg. Landskapet er spesielt, men ein kan finne likskap med Jæren og Lind/Limfjorden på Jylland.

Byggeskikk: gardane ligg i ein form for klyngjetun der dei mange bruka ligg tett. Ofte ligg dei på låge høgder. Inne i tuna kan ein finne mange golvlag i jorda som fortel om lang bruk. Tradisjonelt har ein bygd langhus med omsyn til vind. Stegeverk er ein lokal variant av stavbygg som vart bruk til fram til førre hundreåret. Tre har vore ein mangelvare, og er sparsamt nytta. Stein har vore brukt, men best tilgang har ein hatt på torv.



Figur 1 Tradisjonelt langhus på Lista

Endringar i kulturlandskapet og det marginale kystjordbruket i uthavna Merdø utenfor Arendal V/ Hilde L Austarheim, Aust-Agder kulturhistorisk senter

Merdøy er ei uthamn med lang tradisjon.

Museet eig 1/3 av øya.

Jordbruket har vore viktig trass i at det ikkje har vore omfattande nok til å brødføre lokalsamfunnet. Det er kvinnene som har drive jordbruket, medan mennene har hatt hovudinntekta som sjøfolk eller innanfor skutehandel. På øya hadde ein beite, eng og hage, men holmane vart og nytta. Landskapet var snautt og ope. Husdyra var viktige for mjølkeproduksjonen.

Tradisjonell økologisk kunnskap – et prosjekt om historisk naturbruk og glemte verdier

v/ *Per Espen Fjeld, Statens naturoppsyn (SNO)* SNO har fått nye oppgåver frå direktorat og regjering. Eit prosjekt er *Mennesket og naturarven (MONA)*. Prosjektet er inspirert av det svenske TEK og NAPTEK, og det er eit tett samarbeid med dei. Prosjektet er forankra i konvensjonen om biologisk mangfold. År 2011 er eit pilotår, og ein er no i ferd med prosjektsøknad for eit 4-årig prosjekt.

Prosjektet er tufta på nettverksbygging. Museumsnettverk og naturvitenskaplege museum er døme på aktuelle medarbeidarar. I november er det planar om ein nasjonal konferanse der ein vonar å samla mange miljø med økologisk kunnskap.

Døme på pilotstudium som er i gang:

- Planter og tradisjon (Høeg 1974) samarbeid med Bioforsk
- Samisk naturforståing samarbeid med samisk høgskule
- Kulturmark-fiskarbondens landskap
- Laksen i Namdalen
- Mørkridsdalen, Luster

Erfaring frå oppfølging av handlingsplan for slåttemark, med eksempler frå Agder
v/ *Ellen Svalheim, Bioforsk*

Regjeringa har vedteke å stoppa tap av biologisk mangfold før 2010. Som ein del av dette vart arbeidet med handlingsplan for slåttemark starta opp. På våren det første året starta arbeidet med den faglege bakgrunnen for prosjektet. På sommaren vart det oppstart i fire "prøvefylke". Dette vart utvida med fire fylke i 2010 og 6 nye i 2011. Til neste år skal alle fylke vera involverte. Gjennom vedtak i Stortinget 13. mai 2011 fekk naturtypen slåttemark offisielt status "utvalgt naturtype".

Oppfølginga av handelsplanen byggjer på "arvesølv-modellen" der ein inngår samarbeid med grunneigar om drift og skjøtsel. Det vert utarbeidd skjøtselsplanar som legg opp til at lokaliteten held på kulturmarkstypen sin. Det er laga standard-malar for avtale og det er mogleg å få økonomisk støtte til restaurering og skjøtsel av slåttemark.

Døme på tradisjonelle engar i Aust Agder:

- Rygnestadtunet, Valle i Setesdalen
- Kåvehagen, Valle i Setesdalen
- Tveitetunet, Valle i Setesdalen
- Juvo, Bykle kommune
- Oppistog, Bykle kommune

Strandenger:


- Ruakerkilen, Grimstad

Utradisjonell eng:

- Kristiansand luftham, Kjevik.

Skjøtsel av kulturlandskap Oksøy-Ryvingen landskapsvernombord/ Flekkefjord landskapsvernombord v/
Katrine Skajaa Gunnarsli FMVA

Desse to store landskapsvernombord vart verna i 2005 og det vart laga forvaltningsplanar i 2009. Føremålet er å ta vare på eit samanhengande og eigenarta skjergardslandskap og å ta vare på kulturlandskapet for å sikra biologisk mangfold. Kulturavhengige naturmarker i området er kystlynghei, naturbeite og slåttemark. Eit forvalningsstyre har teke over ansvaret for skjøtsel av områda frå fylkesmannen. Det er målstyrt forvalting og oppfølging med m.a. hogst og rydding, beiting med utegangsau og sviing kystlyngheia.



Figur 2: Sitkagran var vanleg å planta, men i dag prøver ein å fjerna den.

Livet som "hobby" kystbonde i dag v/
Gerd Jacobsen

Gerd bur på Skjernøya (Øksøy-Ryvingen) og overtok familiegarden i år 2000.

Tradisjonelt er det kvinna i heimen som har jobba med garden. Bruket har då hatt ei ku og nokre sau. Mannen har hatt arbeidd knytt til sjøen.

Ved overtaking ønskte ho å rydda kulturlandskapet. Ho starta ytterst og hogg bort sitkagrana. Lyngheia her har tradisjonell drift med villsau som og sviing. Det er sidan lagt opp ein plan for sviing, slik at ein svir i parseller. Området er vorte eit populært friluftsområde utan særlege konfliktar mellom sauane og turgåurar. Det er no ønskje om å opna opp heimebøen som har vakse til, spesielt for at vegetasjonen treng kvileperiode frå beite for å få attende eit utval av ønskete planter.

Er gjengroing av kulturlandskap en katastrofe? v/ Roar Solheim, Agder naturmuseum og botanisk hage

Når det har gått ei tid, og folk har gløymt korleis det såg ut tidlegare, er det få som saknar landskapet. Er det då viktig å ta vare på?

Gjengroingsområde kan ha høgt biologisk mangfold. Der du får ei blanding av gamle og nye tre kan skogen likna på ein urskog. Når nye artar skuggar ut nokre tre vart det danna daudved som kvitryggspetten er avhengig av.

Noreg er ung. Det er ikkje nokon av våre artar som er skapt etter landskapet, men kjem frå m.a. tidleg steppelandskap i Europa. Vår skjøtsel av kulturlandskap har gagna artane.



Figur 3: Omvising i Tusenårshagen

Omvising: Tusenårshagen v/ Per Arvid Åsen, Agder naturmuseum og botanisk hage

Vi fikk omvising i Tusenårshagen på Agder naturmuseum og botanisk hage. Siktet målet med tusenårshagen var å dokumentera hagen i 1000 år i Noreg. Hagen er representert av alle kommunane i Agder og det er samla inn hageplanter frå kvart hundreår når dei kom inn til Noreg.

Etter omvisinga reiste vi mot Lista og Farsund kommune.

TYSDAG 16. AUGUST

EKSKURSJON

Fyrhagene på Agder v/ Per Arvid Åsen, Agder naturmuseum og botanisk hage

1997 kom det ein verneplan for fyr. Ein såg på form, utsjånad, bygningsmateriale og teknisk utrustning. På 2000-talet vart det starta opp eit prosjekt for å restaurera fyrhagar.

Jordbruk og hagebruk var viktig forsyning for ein fyrfamilie.

Det var ein gjennomgang av ulike fyra i Agder og deira historie og planter.

Natur i endring på Lista v/ Oddvar Pedersen, Naturhistorisk museum, UiO

Kulturlandskapet på Lista har hatt liten endring sidan sist istid, og kulturlandskapet er gammalt. Dei siste 200 åra har endringa vore prega av:

- Intensivt kultivert landskap, gjer m.a. at planter forsvinn
- Drenering og uttapping av myr og sump
- Skogreising. Her har det m.a. vore planta mykje sitkagran
- Utbygging

Lista fyr

Første stopp på ekskursjonen var Lista fyr. Per Arvid Åsen fortalte kort om fyrværingen og om levekåra generelt ved fyret i gamle dagar. Etterpå kunne deltakarane gå omkring og sjå på fyrværingen, gå opp i fyrtårnet der ein kunne sjå fleire kulturlandskapselement (t.d. veg for taresamling, teigindeling og utforminga av Borhaug, sjå bunker o.l.).



Figur 4 Landskapet ved Lista fyr

Marka skytefelt

Kystfortet som var oppført 1942 av tyskarane ligg i dag i eit landskapsvernområde. Fortet ligg på ein morene med eit kystlandskap med mykje beite. Artar som vi såg var m.a. bakke- og klokkesøte.



Figur 5: Marka skytefelt

Nordberg fort

Etter lunsjen på Nordberg fort fekk vi omvising på fortet. Mellom anna vitja vi puben med flotte veggmålingar. Vi gjekk også ein runde med flott utsikt over Listalandskapet.

Penne

Frå fortet gjekk vi ned gjennom Penne som er ein del av Vest-Agder sitt bidrag til utvalde kulturlandskap i jordbruket. Vest-Lista har både kulturhistorisk og biologisk verdi. Karakteristisk for jordbrukslandskapet er alle steingjerda og rydningsrøysene. På Jærberget finst eit hellristningsfelt. Pennehuset representerer ei vidareføring av jernalderhuset.

Østrehaugen

Oddvar Pedersen fortalte om strandtorn som har sitt kjerneområde her. Det er etablert eit samarbeid med grunneigaren for å ta vare på strandtornen.

Kristina Bjureke fortalte om solblom og handlingsplanen for denne. Blomsten har ei fluge og to parasittkvepsar knytte til seg. Solblom er ein symbolart og det finst mange formidlingshistoriar å fortelja.

Siste nytt frå nettverket

- Liv Byrkjeland har sagt opp stillinga som naturhistorisk konservator, og stillinga hennar har vore lyst ut. Det er ikkje teke avgjerd kven etterfølgjaren er.
- Informasjon om dei nye nettsidene til nettverket som var på plass før sommaren
- Informasjonsbasen skal oppdaterast i løpet av hausten. Alle i nettverket vert bedne om å oppdatere sidene sine.
- Det har vore diskutert om nettverket skulle engasjere seg i nye sosiale medium, t.d. facebook, blogg, twitter. Majoriteten meinte dette var unødvendig, og det vil inntil vidare ikkje verte satsa på dette.
- Orientering og status om Norgesgården-prosjektet. Det historiske tidsskriftet Heimen har sagt seg viljuge å gje ut eit særnummer med artiklar knytte til Norgesgården i 2012.
- Orientering om prosjektet Lauv og lauvtrefør som no er avslutta. Det blir arbeidd med å gje ut ei bok.
- Oppmoding om å starta opp nye samarbeidsprosjekt
- Samling 2012. To kandidatar vart presenterte på samlinga; Glomdalsmuseet i samarbeid med Skogsmuseet og Lofotr-vikingmuseet i Lofoten. Det var gjort ei avstemming. Majoriteten

ønskte å reisa til Lofoten, så neste års samling vart lagt dit.

- Vi hadde og ein diskusjon om framtidig form på møta og nettverksarbeid utanom møta. Konkrete innspel var:

- Pedimus nettblad-infokanal
- Fleire diskusjonar



Figur 6: Nordberg fort

Kulturlandskap på museum – er det noko problem? v/ Marit Jensen Adelstein

Kulturlandskap er kryssingspunkt mellom natur og kultur, men fram til no har den naturvitenskaplege vinkelen fått mest merksemd. Biologisk mangfold er t.d. eit resultat av drift, men det er mykje kunnskap som ikkje kjem fram her. Den immaterielle kulturarven er viktig. Museumsbonden må kunne sidestillast med ein konservator. Dagens samlingsforvaltning er ei ueheldig ordning for ivaretaking av kulturlandskapet. Vi må passe på at våre behov kjem tydlegare fram, og seia noko om samfunnssoppdraget vårt. Det vil vera ein fordel om musea snakkar saman og står

samla. Nettverket kan vere eit nav som kan fremje denne saka.

Det er ønskje at det vert sett ned ei ad hoc- gruppe som arbeider med dette. Musea/personar som er interessert i å sitja i gruppa melder ifrå. Marit innkallar til første møte i november.

Primus for levande samlinger v/ Mari Marstein

Prosjekt for korleis vi kan få ein oversikt/registreringsprogram over levande samlingar på lik linje med andre gjenstandar. Det vil vera eit møte mellom natur og kultur. Punkt som kan vere aktuelle å registrera er:

- Historia til planta
- Vedlikehald
- Spreiingsemne og korleis den spreiar seg
- Spreiingshistorie (kor den kjem frå, når den kom til Noreg, når den

kom lokalt, kven som har teke den inn o.l.)

- Kva den har vore brukt til?
- Kryssingshistorie

Målet er at musea skal ha eit verktøy av forvaltning og formidling av levande samlingar. Den generelle informasjonen skal publiserast på internett slik at det kan vera ein utveksling mellom kollegaer og nå ut til publikum.

Bruk av PLANTEARVENs historiske plantesorter på kulturhistoriske museer v/ Åsmund Asdal

Det er ønskjeleg å få til eit større samarbeid om genressursar mellom museum og Plantearven. Det vil ha synergieffektar som alle vil tene på. Det vart gjennomgått korleis ein kan sjå føre seg eit slikt samarbeid og døme på eksisterande samarbeid. Plantearven har fått og nye heimesider:

<http://www.plantearven.no/>